

Rekordhøg flo og storm.

10.01.2015



Båthamna kl. 14.

Like før klokka 2 i ettermiddag var floa på sitt høgste i dag, og då gjekk ho svært høgt. Underteikna kan ikkje hugsa tilsvarande, og båtmann Bjarne Lilleaas kunne i alle fall garantera at det var det høgste sjøen hadde gått etter han bygde kai i 2007. FLEIRE BILETE NO(14), og vi legg ut endå fleire om det kjem inn.

I båthamna var flytebrygga noko høgare enn den asfalterte plassen der bilane vert parkert. Den nedre delen av denne og plenen ved sida av var dekkja med sjøvatn. Oppdraget til slippen var knapt synleg.

På Sandakaien stod sjøen om lag til kaikanten, men den nedre delen var under vatn. Ved vegen bortover mot Neste låg fleire båtar snudde i sjøkanten.

I Korsneset var øg vatnet høgt, og vi såg mellom anna benkar og bord for dei koselege sommarstundene delvis under vatn.

Vi let bileta som vart tekne litt over klokka 2, tala for seg.



Båthamna mot slippen.



Båthamna med plenen.



Båthamna frå Sandakaien.



Sandakaien



Ved vegen frå Sanden mot Neset.



Benkar og bord på kai i Korsnes.



Korsnes mot Gulholm



Ned mot elveosen kl.15.30. Floa gjekk opp over bakkane.



Høg flo og sterk pålandsvind gjer skade på kai/brustein i Beinavikjo(Foto: K. O. Bringedal)



Høg flo kl. 14 i dag. Går inn på land.(Foto: K. O. Bringedal)



Høg sjø, men liten skade enno. Arbeidet med den nye kaien til Trelastlageret var nett påbyrja (Foto: K. O. Bringedal)



Frå Stølavikjo (Foto: Kjell Magne Haugland)



Frå Stølavikjo 2 (Foto: Kjell Magne Haugland)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Kjell M. Haugland, Kristian O. Bringedal og Thor Inge Døssland